

# EXIT SKODJE

- eller ny giv...?

-Er eit større VI mogleg?

Gomerhuset 29. September kl  
18.00

Ver med i diskusjonen om kommunereform

Ope møte- alle er velkomne!




## Fakta om kommunereforma

Regjeringa sette hausten 2014 i verk ein reformprosess med mål om større, meir robuste kommunar med auka makt og mynde. Alle kommunane i landet er inviterte til å delta i reforma, og det er stilt krav om at alle kommunar skal gjennomføre ein lokal utgreiingsprosess for å vurdere om det er aktuelt å slå seg saman med ein eller fleire nabokommunar.

Regjeringa sitt mål med kommunereforma er større og meir robuste kommunar som kan handtere notidas og framtidens utfordringar og oppgåver.

Kommunane skal sjølv kome fram til om, og eventuelt kven, dei vil slå seg saman med. Gjennom medverknad og demokratiske prosessar skal dei endelege vala vere best mogleg lokalt forankra.

### Framdriftsplan:



### Skodje kommune har utgreia tre alternativ/ retningsvalg:

1. Skodje kommune åleine
2. Regionkommune sunnmøre ( Skodje, Ørskog, Sordal, Norddal, haram, Sandøy, Giske, Sula, Ålesund, Stranda, Sykkylven, Hareid, Ulstein)
3. Landkommune ( Skodje, Ørskog, Sandøy, Vestnes, Norddal, Stordal

Ingen av utgreiingane konkluderer, men peikar på både spesielle utfordringar og moglegheiter ved nettopp dette alternativet. Målet med utgreiingane er å overlevere nok kunnskap og informasjon både innbyggjarar og nye kommunestyre til at dei kan gjere seg opp ei meining innan juni 2016.

Både regionkommune og landkommunemodellen er utgreiingar som består av mange kommunar. Det er truleg slik at nokre kommunar fell ifrå eller nye kjem til i løpet av tida fram mot vedtak. Dei to alternativna er difor meir å sjå på som retningsvalg enn statiske modellar for korleis ein slik enentuell ny kommune vil sjå ut.

Meir informasjon om dei ulike alternativna finn du på [www.skodje.kommune.no](http://www.skodje.kommune.no) under fana

Har du spørsmål og meiningar, eller berre vil lytte: Møt opp på Gomerhuset 29. september kl 18.00



« kommunereform »